

Mammografiprogrammet vs klinisk mammografi

Helse Førde er ein del av det offentlege tilbodet om mammografiscreening for kvinner i aldersgruppa mellom 50 og 69 år i regi av *Mammografiprogrammet**. Dette programmet er dokumentert av omsyn til berettigelse og er administrert av Kreftregisteret som og sender ut innkallingane til aktuelle kvinner i fylket. Det generelle kravet om berettigelse er soleis ivareteke jamfør §51 i [Strålevernforskriften](#) (FOR-2016-12-16-1659).

For kvinner **utanom** programmet gjeld vanleg henvisingspraksis til radiologisk undersøking med krav til berettigelse. For at vi skal kunne gjere denne vurderinga skal det ligge føre tilstrekkelig med opplysningar i henvisinga. Desse opplysningane skal vere basert på ei klinisk vurdering av pasienten utført av henvisar og innehalde tilstrekkeleg informasjon om relevante symptomer osv. (jamfør §§[39-40-42](#) i Strålevernforskriften, sjå i tillegg merknadene til ovannevnte paragrafar for utdjupande forklaring).

Det er kjend at fleire kvinner, etter at dei er «gått ut av» programmet, ynskjer å halde fram med rutinemessig mammografiundersøking. Det har også vore tilgjengeleg informasjon lagt ut på nettsider til ulike organisasjonar (til dømes Brystkreftheforeninga) at symptomfrie kvinner kunne be om å verte henvist til rutinemessige kontrollar, gjennom å oppsøke sin fastlege, men at dette fortrinnsvis skulle gjerast ved private røntgeninstitutt. Helse Førde, ved Brystdiagnostisk Senter (BDS), har nok diverre til ei viss grad bidrege til å oppretthalde denne mistydinga.

Slik lovverket er utforma er det ikkje anledning å ha slikt tilbod til symptomfrie pasientar. Det er altså ikkje anledning til å drive «lokal screeningverksemd» i Helse Førde som kjem i tillegg til det offentleg styrte *Mammografiprogrammet*.

Dersom det etter medisinsk undersøking og vurdering ligg føre indikasjon for undersøking med mammografi hos desse pasientane, og undersøkinga vert vurdert berettiga, så er det sjølvstilt fortsatt tilbod om dette på BDS/Helse Førde på vanleg måte for dei kvinnene det gjeld.

Radiologisk avdeling/BDS har hatt ei intern gjennomgang på dette og vil frametter tilstrebe ei eintydig informasjon til kvinnene. Vi vil samstundes søke å vere meir konsekvente med å avvise henvisingar der undersøkinga vert vurdert å ikkje vere berettiga. Retur av slike henvisingar med grunngjeving vil gjerast på vanleg måte. Det vert sjølvstilt anledning for henvisar til å komme med nye supplerande opplysningar i ny henvising viss ein er ueinig i den medisinsk faglege vurderinga som er gjort av mammaradiolog. Det er same praksis som ved andre henvisingar til radiologiske undersøkingar.

Vonar denne informasjonen er klagjerande i høve kva som er gjeldande på dette området.

Referansar

* www.kreftregisteret.no/screening/Mammografiprogrammet

- [Informasjonsmateriell til kvinner i Mammografiprogrammet](#)

[Strålevernforskriften - Kapittel VI. Bestemmelser om medisinsk strålebruk](#)